

Namn på skulen: Stend vidaregåande skule

Tal elevar skuleåret 2016/17: 525 ved telledato

1 Hovudmål: Auka læringsutbytte og fullføring**Skulen si vurdering i lys av:**

Prosentdel fullført og bestått

Prosentdel stryk og IV

Gjennomsnittleg fråvær

Prosentdel sluttarar

1.1 Prosentdel elevar ved skulen som har fullført og bestått alle fag

2015/16	84,5
2016/17	82,6

1.2 Total stryk og IV på standpunkt og eksamen

		Prosentdel stryk	Prosentdel IV
Termin 1	2015/16	8,41	8,12
	2016/17	7	10,28
Termin 2/standpunkt	2015/16	5	4,71
	2016/17	3,8	6,3
Eksamen	2015/16	7,23	
	2016/17	1,3	

1.3 IV grunna høgt fråvær 2016/17

Tal IV grunna høgt fråvær – Termin 1	81 fordelt på 26 elevar 6 av elevane har slutta
Tal IV grunna høgt fråvær – Termin 2/standpunkt	75 fordelt på 26 elevar (8 elevar har meir enn tre IV, totalt 41)

Korleis vurderer skulen konsekvensane ny fråværgrense gir for elevane sitt læringsutbytte og fullføring?

Dei elevane som har mange IV i 1. termin, har framleis det i 2. termin. Av dei andre har fleire fått karakter i 2. termin, mens det er kome andre til. Vi ser i år ein auke frå 1. termin til 2. termin totalt sett, mens tidlegare år har vi klart å redusere talet til 2. termin.

I 1. termin var det 19 elevar som var registrert med FAM21, desse fekk med få unntak karakter i 2. termin. I 2. termin var det berre var 4. Forklaringa kan vere at registreringa av om IV skuldast høgt fråvær eller manglande vurderingsgrunnlag, ikkje er heilt 100 % rett i 2. termin. Høgt fråvær og manglande vurderingsgrunnlag heng og saman. Det kan difor vera vanskeleg å setje rett kode. Ei anna forklaring er at fråværgrensa har hatt ekstra negativ effekt på dei med høgt fråvær i 1. termin. Fleire av elevane har gitt uttrykk for at motivasjonen har tatt skade av fråværgrensa. Nokre av elevane strevar i kvardagen, og det å oppsøkje lege er for mange ein stor terskel. For nokon kan dette ha ført til at dei i mindre grad har klart å kome ut av ei vond sirkel, som har ført til at dei manglar vurderingsgrunnlag, i tillegg til høgt fråvær.

Har skulen sett i verk tiltak etter termin 1 for å redusere tal IV? Kva effekt har tiltaka hatt?

Elevtenesta og avdelingsleiarane gjekk gjennom resultatata etter 1. termin, og fordelte ansvar for oppfølging. Faglærarane har strukke seg langt for å gi elevane moglegheit til å få

vurderingsgrunnlag, og kontaktlærarane har følgd opp krava til dokumentasjon. Elevane er varsla, og føresette kontakta i fleire saker.

Blant dei 8 elevane med meir enn tre IV, er det 3 som i praksis har slutta på skulen, men som ikkje har ønska å skrive seg ut. Desse sakene kan vere vanskelege å følgje opp, og skulen saknar klare retningslinjer på korleis vi kan handtere slike saker.

2 av elevane med mange IV har vore mykje sjuk, og har fått hjelp til rettleiing/hjelp til omval eller deling av året.

1.4 Gjennomsnittleg fråvær

2015/16	timar	18,6
	dagar	10,06
2016/17	timar	17,8
	dagar	10,42

1.5 Prosentdel sluttarar: Avbrottsdato frå 1/10

2015/16	4,5 (20)
2016/17	4,76 % (25)
Av totaltalet i extens (37) har vi trekt frå: 6 slutta før 1/10 + 3 begynt på ny skule + 3 innvilga permisjon).	

1.6 Årsak til avbrot – «anna fråfallsårsak/ikkje oppgitt»

Kor mange elevar er registrerte med avbrottskoden «Anna fråfallsårsak/ikkje oppgitt» og kva ligg bak desse tala?

Av totalt 8 registrert med «Anna fråfallsårsak» er det tre nettagronomar og ein delkurselev. Ein er flytta til utlandet.

Bakgrunnen for dei tre siste er at eleven har valt å slutte, utan at skulen har lukkast med dialog om årsaken.

1.7 Utfordringar og konsekvensar for mål og tiltak i utviklingsplanen 2017/18

Korleis vurderer skulen tilstanden når det gjeld fullført og bestått, stryk/IV og fråvær i fag og utdanningsprogram?

Mens vi tidlegare år har hatt gode resultat av oppfølging i 2. termin på elevar med IV, ser vi i år at vi ikkje har klart å få dette til like godt. Noko av forklaringa ligg truleg i fråværgrensa, og på at nokon elevar har blitt ståande for lenge som elev, etter at dei i praksis har slutta.

IV og 1 fordeler seg med flest karakter på følgjande fag:

Engelsk:16, Matematikk:16, kroppsøving:13, norsk:12, naturfag:9, YFF:7.

På utdanningsprogram fordeler dei seg slik:

Idrett: 15 (hovudsakleg 3 elevar), naturbruk vg2: 15, naturbruk vg1:39 (nokon elevar har fleire), påbygg:9 (hovudsakleg 3 elevar), vg1 service og samferdsel:12 (hovudsakleg fordelt på 3 elevar), vg2 service og samferdsel 16 (hovudsakleg to elevar).

I kroppsøving og yrkesfagleg fordjuping er det berre IV. I desse faga veit vi av erfaring at dette tyder at dei har mykje fråvær i faget. I kroppsøving har vi sett inn miljøterapeutar som tiltak, for å få med flest mogleg til Bjarghallen, og for å kunne vere meir fleksible med tilrettelegging av aktivitet. I tillegg skal faglærarane følgje tett opp dei som ikkje møter, og leggje til rette for dialog om kva som skal til for at dei skal møte.

Matematikk fordeler seg med flest 1 på fleire kurs, obligatoriske fellesfag på lågaste nivå. Vi har i matematikk satt inn tiltak som tolærar, minstemålsplanar og ekstra støtte.

I dei andre faga er det vanskeleg å sjå noko mønster.

At det er flest 1 og IV på yrkesfaga kan sjåast i samanheng med at desse elevane har låge inntakspoeng, og i mange tilfelle låg motivasjon og/eller dårleg psykisk helse. Vi forsøker så langt som råd å ta omsyn til dette gjennom inndeling i grupper, storleik på gruppene, lærartettleik og anna oppfølging.

Forskning viser at mykje av fråfallet skjer i overgangen frå ungdomsskulen til vidaregåande og mellom nivåa i vidaregåande opplæring. Kva system har skulen for å sikre desse overgangane?

Vi har god dialog med ungdomsskulane i nærområdet, men rekrutterer frå eit stort område, slik at det er vanskeleg å nå alle. Vi tar i mot elevar gjennom «Utdanning til val», og inviterer i tillegg til opne dagar gjennom vinteren. Dei tilrettelagte gruppene tar i mot elevar til hospitering gjennom heile året. Før skulestart inviterer vi elevar med låge poengsummer, informasjonsskjema eller som skal bu på hybel, på ein tjuvstart. Her er også foreldra invitert.

Kva utfordringar ser skulen når det gjeld sluttarar?

Vi ser at vi må kome enno tidlegare inn for å rettleie om tilrettelegging, omval, permisjon eller andre alternativ. For nokon av elevane kan eit alternativt opplæringsløp vere aktuelt, men vi ser at elevar som søker seg inn i det ordinære inntaket, ofte vegrar seg for å vurdere opplæring i eiga gruppe/HT. Dersom dette skuldast manglande kunnskap om tilbodet, ser vi det som avgjerande at ungdomsskulen har god informasjon, slik at dei kan rettleie på eit tidlegare tidspunkt.

Kva konsekvensar får desse vurderingane for skulen sitt utviklingsarbeid

Tilrettelegging og oppfølging av desse elevane kan vere å hjelpe dei til å sjå meining i skulekvardagen. Dette vil vi arbeide vidare med gjennom tilbod frå elevtenesta – rådgivarar/miljøterapeutar, praktisk tilnærming i faga, tverrfagleg arbeid mellom programfag og fellesfag og yrkesretting av fellesfag. Vi vil og arbeide vidare for å utvikle eit trygt og godt skulemiljø for alle elevane.

Ved skulestart vil vi ta opp igjen rutinen med internt ressursteam annakvar veke. I skulestartperioden vil vi setje av tid til gjennomgang av alle klassar, og fordele ansvar for oppfølging av elevar som er i risikosona. I ordinært ressursteam vil vi jamleg gjennom året ha fråvær og førebygging av fråfall oppe som tema.

2 Evaluering av skulen sine prioriterte tiltak 2016/17

Skulane har ansvar for å vurdere eigen organisasjon og resultat i lys av sentrale og lokale styringsdokument. På grunnlag av vurderinga skal skulen utarbeide kunnskapsbaserte mål og tiltak i eigen utviklingsplan. Tiltaka skal vere grunnleggjande ut i frå lokal kontekst, styringssignal og relevant kunnskap. Skulen bes evaluere to til tre prioriterte tiltak i utviklingsplanen.

2.1 Utviklingstiltak – Internasjonal dag, samarbeidsavtale med Kolibri-CARF.

Kva var målet med tiltaket?

Gjennom eit samarbeid med ein lokal organisasjon har vi eit mål om å arbeide meir systematisk og langsiktig med solidaritetsarbeid. Målet er å involvere heile skulen, skape engasjement gjennom aktivitet i og mellom grupper, og integrere arbeidet med internasjonale spørsmål og kultur i ulike fag.

Gi ein kort omtale av tiltaket.

I prosjektet vil vi engasjere elevane i eit solidaritetsprosjekt, gjennom kunnskap og informasjon, og ved at klassene/elevrådet har oppdraget med å samle inn pengar til ungdom i Brasil.

Kva er årsakene til at skulen har valt dette utviklingstiltaket?

Vi ønskjer eit samarbeid med CARF for, gjennom større nærleik til eit prosjekt over tid, å skape eit større og meir konstruktivt engasjement blant elevane enn det vi har fått til gjennom Operasjon Dagsverk. Elevane er spreidd på ulike utdanningsprogram, og på ulike nivå, og gjennom prosjektet ønskjer vi å etablere eit felles prosjekt som kan samle elevar og lærarar på tvers.

Korleis har gjennomføring av tiltaket vore organisert?

Ei arbeidsgruppe med elevar, lærarar, elevtenesta og representant frå Kolibri-CARF. Elevinspektør har hatt ansvaret for å koordinere arbeidet. Internasjonal dag vart gjennomført 22/2-17, med eit obligatorisk tre-timars opplegg, der alle elevane fekk vere med på tre ulike aktiviteter – kultur/musikk, mat og faglig kunnskap. I pausane gjekk elevar om kvarandre i ulike pauseaktiviteter.

2.1.1 Korleis har leiinga følgd opp tiltaket gjennom året?

Elevinspektør som sit i leiargruppa på skulen, har hatt hovudansvar for utviklingstiltaket. Arbeidsgruppa har hatt nokså frie taumar. Leiargruppa har vorte orientert, og teke standpunkt til problemstillingar etter kvart.

2.1.2 Ser skulen endra praksis som følgje av utviklingsarbeidet?

Etter første året med dette prosjektet opplever vi at vi lukkast med å engasjere elevar og tilsette i eit felles engasjement. Vi trur dette på sikt har stort potensiale til å løfte solidaritetsarbeidet ved skulen.

2.1.3 I kva grad vurderer skulen at måla med tiltaket er nådd?

Evaluering i arbeidsgruppa, og andre tilbakemeldingar, tyder på at vi lukkast med det tredelte målet; Alle elevane på Stend kjenner til organisasjonen Kolibri-CARF, og til situasjonen for mange ungdommar i Brasil.

Elevane på Stend har engasjert seg, og fått moglegheiten til å bidra for å hjelpe andre ungdom. Mange meldte tilbake ei oppleving av at det var kjekt å gjere noko saman heile skulen, og at det er veldig bra at alle vet meir om kva vi samlar inn pengar til.

Potensiale i at elevrådsrepresentanten er ansvarleg for innsamlingsaksjonen.
Potensiale i at lærarane må vere godt informert, og følgje tett opp, slik at dei kan følgje opp i klassene, fagleg og sosialt.

2.1.4 Korleis vurderer skulen organisering og gjennomføring av tiltaket?

Arbeidskrevjande, men resultatet vart bra. Innsamla sum: kr. 107.000,-

• 2.2 Utviklingstiltak – Lære av praksis i andre europeiske land

Kva var målet med tiltaket?

- Utvikle og vidareføra europeisk samarbeid knytt til yrkespedagogikk og lærarmobilitet.
- Se og lære korleis andre land løyser utfordringane med yrkesretting
- Endre eigen praksis
- Verte inspirert

Gi ein kort omtale av tiltaket.

Lærarar i ulike fag (hovudsakeleg fellesfag) besøkte kollegaer i ulike land (Island, Finland, England, Spania) for å drive «jobbskygging». Skulen søkte om, og fekk internasjonalseringsmidlar til tiltaket.

Kva er årsakene til at skulen har valt dette utviklingstiltaket?

Skulen har over tid drive med ulike internasjonalseringstiltak for elevane. I samband med at skulen i sin utviklingsplan ønskjer å løfte fellesfaga på skulen mellom anna gjennom yrkesretting og tverrfagleg samarbeid, såg vi at eit slikt internasjonalseringstiltak kunne vera med å gje lærarane påfyll, nye erfaringar og inspirasjon.

Korleis har gjennomføring av tiltaket vore organisert?

Skulen sin internasjonalseringskontakt søkte om midlar. Det vart plukka ut lærarar som skulle reise. Dei reiste 2 eller 3 saman. Skulane dei reiste til var utvalde fordi vi meinte dei hadde noko å tilføre oss. Etter at dei kom heim, har lærarane skreve rapport og dei har presentert sine erfaringar for kollegaene i fellesmøte.

2.2.1 Korleis har leiinga følgt opp tiltaket gjennom året?

Internasjonalseringskontakten har gjennomført mykje av det praktiske arbeidet. Leiinga har vore med å plukka ut kva lærarar som skulle reise, vorte informerte undervegs, og har hatt samtaler med dei som reiste for å få ta del i erfaringane deira.

2.2.2 Ser skulen endra praksis som følgje av utviklingsarbeidet?

Det var i vår dei var ute. Det er difor tidleg å sjå endra praksis alt no, men fleire av lærarane seier de har plukka opp konkrete ting dei ønsker å prøve ut i eiga undervisning. Fellesfags-prosjektet har ein tidshorisont på tre år.

2.2.3 I kva grad vurderer skulen at måla med tiltaket er nådd?

Skulen har so langt berre i nokon grad nådd måla. Det er oppretta kontakt med kollegaer i andre land, reisa var inspirerande for dei som drog, ein har fått tatt del i erfaringar kollegar i andre land har gjort seg. Om tiltaket fører til endra praksis, står att å sjå. Ei utfordring har vore at våre lærarar var særskilt ute etter erfaringar og idear knytt til tverrfagleg arbeid og yrkesretting, men det viste seg at skulane vi besøkte og slit med å få dette til på gode måtar, eller hadde mindre fokus på dette enn vi var førespegla.

2.2.4 Korleis vurderer skulen organisering og gjennomføring av tiltaket?

Organiseringa og gjennomføringa har vore god

3 Prosess knytt til skuleutvikling i lys av styringsdokument for det pedagogiske utviklingsarbeidet

3.1 Korleis har leiinga lagt til rette for prosessar med tilstandsvurdering gjennom året?

Dette året lagde skulen ein tilstandsrapport etter 1. termin. Denne drøfta vi i leiargruppa, i avdelingane, med dei tillitsvalde og med elevrådet. På grunnlag av dette bestemte vi nokre tiltak som vi meinte skulle justere kurset og betre tilstanden i 2. termin.

Denne endelege tilstandsrapporten nyttar data frå årsoppgjeret (standpunkt, eksamen m.m.) På denne tida er det vanskeleg å få til gode prosessar. Tilstandsrapporten har difor berre vorte drøfta i leiargruppa.

3.2 Korleis har leiinga sikra forpliktande medverknad og involvering?

Det har vi ikkje sikra når det gjeld tilstandsrapporten. I arbeidet med utviklingsplanen og gjennomføring av tiltak, har dette vore drøfta med dei tillitsvalde og elevråd. Medverknad og involveringa har ein sikra ved å gje avdelingane på skulen rom til å velje sine tiltak og gjennomføringsmåtar.

3.3 Korleis sikrar leiinga at heile det pedagogiske personalet er involvert i gjennomføring av utviklingsarbeidet?

Involveringa har ein sikra ved å gje avdelingane på skulen rom til å velje sine tiltak og gjennomføringsmåtar. Dermed er det langt på veg avdelingane «som eig» utviklingsarbeidet.

3.4 Korleis har skulen sikra elevmedverknad i utviklingsarbeidet?

Gjennom informasjon og drøfting med elevrådet.

3.5 Kva har vore dei største utfordringane for å lukkast med utviklingsarbeidet?

- Å få til det jamne arbeidet gjennom året. Det «druknar» lett i konkurransen med dei daglege gjeremål.
- Å få sett av tid og gode møteplassar for dei som arbeider med dei ulike tiltaka.
- Å få heile personalet engasjert.

3.6 Gi ei samla vurdering av skulen sitt utviklingsarbeid i lys av forventningar i styringsdokumentet.

Med grunnlag i hovudmålet om auka fullføring og læringsutbytte, så har skulen valt å starte eit prosjekt for å løfte fellesfaga. Det er i stor grad i desse faga elevane ikkje fullfører. Prosjektet har eit 3-års perspektiv, så det er for tidleg å evaluere resultatata av del-prosjekta.

Elevtenesta er styrka med miljøterapeutar, og arbeider samla for å førebyggje, fange opp elevar som er i risikosona, og i samarbeid med lærarane setje inn tiltak.

I avdelingane har det vore arbeidd med å utvikle lærarrolla slik at dei gjennom arbeid med faga etablerer gode relasjonar med elevane, og skaper motivasjon. Vi har og arbeidd med å utvikle ei felles undervisnings- og vurderingskultur, i dei enkelte fag, men og tverrfagleg.